



Audun Engesbak
Bustølvegen 80
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/3717 - 14/13967

Saksbehandlar:
Merethe Tvedt
merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:
18.09.2014

Godkjenning- Oppføring av garasje på gbnr 24/46 på Langeland

Saksutgreiing:

Det vert vist til søknad etter Plan- og bygningslova § 20-2 motteke 06.09.2014 og manglande dokumentasjon motteke 17.09.2014 i Meland kommune. Søknaden gjeld bygging av garasje på 48 m² på gnr 24, bnr 46 på Langeland.

Vurdering:

Planstatus:

Eigedomen ligg i kommuneplanen sin arealdel som LNF-område (landbruk,- natur,- og friluftsområde). Eigdommen er ein frådelt og bebygd bustadtomt, og krev difor ikkje dispensasjon frå kommuneplanen.

Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla 06.09.2014. Det er ikkje motteke merknader til varselet, og alle naboar samtykkjer til tiltaket. Det er ikkje naudsynt å gjennomføre ytterlegare varsling i saka. Nabovarsling vert rekna som tilstrekkeleg etter Pbl § 21-3.

Plassering av tiltaket, høgde og avstand frå nabogrense:

Tiltaket må plasserast som vist på situasjonskart motteke 17.09.2014. Tiltaket er i samsvar med Pbl § 29-4.

Parkering og utandørs opphaldsareal:

Eigdommen er på 1332 m². Einebustader og tomannsbustader skal ha parkeringsdekning for 2 bilar per eining, jf Kommuneplanens arealdel. Det skal minimum være 250 m² utandørs opphaldsareal. Følgjeleg samsvarar tiltaket med Pbl § 28-7.

Planløyising og utsjånad:

Tiltaket har forsvarleg planløyising og utsjånad og er i samsvar med Pbl § 29-1.

Vedtak

«Meland kommune gjev i medhald av Plan- og bygningslova (PBL) § 20-2 løyve til bygging av garasje på gnr 24, bnr 46 på 48 m² i samsvar med søknad motteke 06.09.2014.

Det vert vist til vedlagte kart og teikningar motteke 06.09.2014 og 17.09.2014.

Plassering som vist på kart motteke og med følgjande toleransekrav: I horisontalt plan + - 50 cm. I vertikalt plan + - 20 cm. Minstegrensa på 4 meter til nabogrense er absolutt.

Opplysningar om bygget, - type bygg, areal, tiltakshavar/ansvarleg søkjar – som kjem fram i søknaden, vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkellova.

Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustadar og adresse.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf Pbl § 21-9.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova så fram det ikkje er gjeve unntak.

Saka er handsama og godkjend administrativt i medhald av delegert mynde.»
Gebyr for sakshandsaming vert ettersendt.

Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 28, jf vedlagt skjema.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Merethe Tvedt
byggjesakskonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett - oppføring av garasje
Teikningar ,kart
Gr24Br46

Kopi til:

Audun Engesbak

Mottakere:

Audun Engesbak

Bustølvegen 80 5918

FREKHAUG

